



Cecilie Sæle Merkesvik: Hamsteren

HO MÅTTE TA LIVET AV HAN. Det var ikkje nokon annan utveg. Ho orka han berre ikkje lenger. Kvar dag var han der, tok all merksemda. Det var vanskeleg å innrømme det, til og med overfor seg sjølv, men jau, ho var sjalu. Dødeleg sjalu. Snart måtte det ta slutt, anten for ho eller for han. Då var saka enkel, det måtte ta slutt for han sjølv sagt. Han fortente ikkje å leve.

Hamsteren hadde lenge vore ei plage. Kjærausten hennar likte han så godt. Så altfor godt. Aldri ein romantisk kveld heime utan at hamsteren skulle vere der. Aldri sjå ein god film i sofaen med kjærausten utan at hamsteren skulle ligge der mellom dei. Han hadde berre seg sjølv å takke når han var daud. Han burde skjønt at han ikkje kunne halde på slik, få *ho* til å føle seg som femte hjul på vogna. Det var hennar hamster, ho hadde fått han av kjærausten. Ho kunne frå første stund sjå vondskapen lyse ut av dei små stikkande augo den dagen ho opna pakken på den 18. bursdagen sin.

Det var kveld, og hamsteren hadde nok ein gong tatt del i det som kunne ha vore ein romantisk kveld, no måtte det ta slutt. Ho var åleine heime. I kveld skulle det skje. Det var berre eitt problem. Ho greidde ikkje ta livet av noko! Men ho kunne *hjelp*e hamsteren med å dø. Han såg ikkje riktig frisk ut, han såg faktisk ganske sjuk ut når ho tenkte over det, så det var nok til det beste for alle partar å setje

ein stoppar for det heile. Katten hennar hadde ho gløymt å mate i dag. Så om ho berre sette burdøra litt på gløtt når ho gjekk og la seg, ville han kanskje gå ut, og kanskje ville han også verte eten opp av katten.

Hamsteren gjorde jobben sin og gjekk ut av buret om natta, men det gjorde ikkje katten. Det første ho såg idet ho opna augo sine morgonen etterpå, var hamsteren. Han var ikkje daud, langt ifrå. Han såg friskare og meir levedyktig ut enn nokon gong der han sat på puta hennar. Han hadde tatt seg den fridomen å late vatnet opptil fleire plassar i senga hennar. Ho tok han med inn på badet. Ho følte stor trong til å dusje, tanken på kvar i senga hennar den vesle djevelen hadde vore i nattas mulm og mørke, prøvde ho desperat å slå frå seg.

Ho sette han oppi vasken medan ho dusja. Det gjekk fint, heilt fint dei første fem minutta. Då fann hamsteren vegen opp og ut av vasken, og deiste ned på kanten av doskåla. Han såg lengselsfullt ned i doen før han sette utfor med stø kurs mot vatnet i botnen av skåla. Ho hadde ikkje tid til å tenkje. Ut av dusjen bar det med såpe over det heile og bort til doskåla for å redde han. Ho stakk handa nedi og fiska han opp akkurat idet han plumpa ned i vatnet. Ho sette han opp i vasken igjen. «Kva er det du tenkjer på?» sa ho til han. «Prøver du å ta livet

av ...?» Ho stoppa brått. Kva var det *ho* tenkte på? Her strevde ho med å få hamsteren til å ta sitt eige liv, og når han endeleg var i ferd med å gjere det, kom ho han til unnsetning og redda han i siste liten? Det var nok eit hittil ukjent morsinstinkt som i ein svak augneblink hadde gripe ho.

Ho sette han i buret sitt medan ho tenkte på kva ho no skulle gjere. Han såg litt forblåst ut der han sat i buret sitt. Det var kanskje fordi ho hadde tørka han med hårfønaaren, og no hadde han sikkert hovudpine. Ja, det var heilt klart at han hadde vondt i hovudet! Han måtte få ein tablett for å lindre smertene. Ho fann ei eske med tablettar i medisinskapet. «Paralgin forte, mot sterke hovudmerter. Dose: vaksne,

1 tablett.» Ho tok ein tablett ut av eska. Hamsteren var vel eigentleg vaksen, jau, han var heilt sikkert vaksen. Ein tablett måtte det bli. Ho knuste tablettan og blanda han ut i ei lita skål med vatn som ho sette inn i buret. Hamsteren drakk lenge utan stopp, og då han var ferdig, seig han saman på golvet i buret, og der låg han. Heilt stille, lenge. Så lenge låg han der at ho trudde han var daud. Men daud var han ikkje, han ville ikkje dø.

Hamsteren vakna opp att, og han såg full ut. Ikkje full i den forstand at han var tjukk. Nei, han var *full*. Rusa på ein hovudpinetablett. Han sjangla rundt i buret, kasta opp på seg sjølv og la seg til å sove att i sitt eige matfat. Han såg

ikkje god ut der han låg, og oppkastet som klistra seg til pelsen hans, byrja så smått å lukte. Det var best å vaske han. Ho tok han forsiktig ut av buret og bort i oppvaskkummen der ho såpa han inn med Zalo. Han sov ei stund medan ho vaska den stinkande pelsen hans, men så vakna han, og då vakna han brått. Han hoppa ut av hendene hennar og ned på golvet. Han sprang bortetter kjøkengolv, og dekt med såpe over heile den vesle kroppen såg han ut som ein levande skumdott der han pilte gjennom entreen og inn i stova. Ho sprang etter han, kasta seg så lang ho var gjennom lufta for å fange han. Etter ei lite elegant landing hadde ho i alle fall greidd å stoppe han. Han peip og bar seg, dels fordi han truleg hadde Zalo i augo, dels fordi ho i fallet hadde landa på han.

Hamsteren såg ut til å klare seg heilt fint, og ho orka ikkje tanken på ein gong til å hjelpe han med å dø. Han fekk berre vere der i buret sitt, svelte i hel.

Tidleg neste morgon vakna ho av at kjærasten hennar kom inn på soverommet. Han hadde

eigne nøklar til leilegheita hennar og kom og gjekk som han ville. Ho smilte mot han, men han smilte ikkje tilbake. Han såg nesten lei seg ut. Ho sette seg opp, og han sette seg tett inntil henne og tok hendene hennar i fanget sitt. Han såg ho djupt inn i augo og sa at det var noko han ville fortelje henne. Hamsteren var daud. Han hadde funne han i buret sitt då han kom, og han var daud. Han hadde sovna stille inn denne morgonen i buret sitt. Ho brast i gråt. Han klappa henne på ryggen og sa ho ikkje måtte ta det så tungt. Så tungt? Her hadde ho brukt masse tid og krefter på å få hamsteren til å dø, og så la han seg til å dø heilt av seg sjølv etter alt det ho hadde gjort for han. Ho visste det, han var ein vondskapsfull hamster.

Ho låg i fanget til kjærasten og hiksta, men så så, sa kjærasten, det var inga grunn til å vere lei seg, for då han hadde kome inn og sett den daude hamsteren, sette han seg i bilen med det same, køyrde til dyrebutikken og kjøpte ho ein ny hamster, kom og sjå kor fin han er ... ■